

litt om serien

## Vendepunkt - livsforvandlande møter med Jesus

Kristendommen: For mange har ordet dårlig klang. Tankane går til dogmer, dominans og antidans. Det handler om salmepugging og dogmetru, og det verkar eigentleg ikkje så attraktivt. Men essensen i kristen tru er relasjon, eit møte med Jesus. Det slåande er at Jesus har evna å møte så utrulig mange forskjellige folk, i så mange forskjellige kulturar til så forskjellige tider. I møte med Jesus har ulike personlighetstypar med ulike livshistorier fått eit livsforvandlende vendepunkt.

Det er akkurat nokre av desse møtepunkta med Jesus vi ønskjer å trekke fram i denne serien. Dersom slike folk kunne få møtepunkt med Jesus som vart til vendepunkt i livet, ja då kan du også!

litt om tema:

### Jesus og Nikodemus

Nikodemus hadde alltid vore nysgjerrig av natur, alltid vore ute etter å granske og leite etter sanninga kvar enn den måtte føre han. Og derfor var han no på veg, riktig nok i mørket, dei andre i det høge rådet trengte jo ikkje vite alt heller, for å treffen Jesus ansikt til ansikt. Og når han kjem fram til han, så tenkte han å anerkjenne Jesus som ein vis mann, ja Rabbi, eller lærar, kanskje.

Men Jesus lar seg ikkje plassere inn i den kategorien. Svara hans på Nikodemus sine spørsmål er anten heilt sprø, bevisst villeiande eller eit teikn på at han snakka med guddommeleg autoritet.

Nåden og sanninga i Jesus sine ord treff Nikodemus midt i fleisen. Det blir hans store vendepunkt.

# Granskaren



## Bibel

### Joh 3, 1-21 Spørsmål til teksten

1. Kva synst de om måten Jesus svarer den lærde Nikodemus på?
2. Sett i lys av dei seinare påskehendingane, korleis tenker de om vers 13-17?



## Misjon

### Gjennom deg og vidare

Mange seier dei syns det er vanskeleg å tru på grunn av ting som jomfrufødselen, at Jesus gjekk på vatnet og liknande. Det er ikkje desse tinga, men Jesu oppstode alt står og fell på for kristne (1.Kor 15,14). Kvifor det, tenker du?



## Fellesskap

### Den ærlege samtalens:

1. Kva har du tenkt å be Jesus forklare for deg når du får sjansen til det?
2. Mange vil gjerne gjøre som Nikodemus først ville og kalte Jesus ein viktig lærar, stor mann eller ein slags guru. Kvifor er det freistande, og kva er problemet med det?



## Raushet

### Takksam deling

Nikodemus stilte litt teoretiske spørsmål, men svaret han fekk var både praktisk, enkelt og samtidig vanskeleg. Kva for praktiske følgjer får det for ditt forhold til andre dersom du skal leve ut den teorien du har forstått om Jesus?



## Bøn

### Takk, bøn og forbøn

1. Takk Gud for at han er ein Gud som tåler dine spørsmål.
2. Be om at du skal våge å vere ærleg med Gud. Og om at du skal tåle at andre er ærlege. Og takk for at Jesus kjem med både sanning og nåde!
3. Del gjerne andre bøneemne også. Be for kvarandre og for det de har delt.

Som kristne veks vi ved å lære oss å høre Guds tiltale til oss, og så handle på det. Frå samtalane, tekstane og bønnene i dag: kva har blir ståande som viktigast? Du bestemmer sjølv om du vil dele dette med gruppa.  
**Kva Høyrdé eg?**

**Kva Gjer eg med det?**

**Vende-**  
**LIVSFORVANDLANDE**  
**PUNKT**  
MØTER MED JESUS